

Årsmelding

Helgheim sokneråd 2022



HELGHEIM SOKNERÅD okt. 2019-okt.2023

- Astrid Aardalsbakke Feldt, leiar
- Svein Årdalsbakke, nestleiar
- Steinar Dvergsdal
- Hildegunn Huus
- Maria Sture, skrivar
- Britt-Jannicke S. Lundal
- Sokneprest Silje Sørebo.

vara:

Erna Dvergsdal Krøke
Brita Maria Distad
Norvald Nedrebø
Annbjørg Ripe
Øyvind Magnus Solheim

Medlemmer til Sunnfjord kyrkjelege fellesråd frå 2020 -2023

Astrid Aardalsbakke Feldt,
Merete Oline Helgheim,

vara: Hildegunn Huus
vara: Irene Muren Knapstad

Helgheim sokn
Ålhus sokn

Valde til styret for Skei misjonshus:

Vidar Feldt
Gerd Sunde Førde

personleg vara: Inger Veiteberg
personleg vara. Kari Skrede

Rådet sitt arbeid

Helgheim sokneråd har handsama 37 bokførde saker.
Vi har handsama 43 bokførde fellessaker i lag med Ålhus sokneråd.

Av saker i 2022 nemner vi:

- Markering av ny kunst i kyrkja
- Kulturkveldar i samarbeid med Jølster litterære folkeakademi
- Fasteaksjon digitalt, Kirkens nødhjelp
- Gudstenesteplan
- Generasjonsgudsteneste
- Plan for konfirmantarbeid og trusopplæring
- Vedlikehald i og omkring Helgheim kyrkje
- Parkområde ved vatnet
- Oppretting av 20 % stilling innan barne- og ungdomsarbeid med fokus på kor (føreløpig eit vikariat)
- Innkjøp av el-piano til bruk i kyrkjene i Jølster, med hovudplassering i Ålhus kyrkje.
- Arbeid med antependium og frontalar til lesepult og preikestol (gåve)
- Val av ny biskop i Bjørgvin
- Soknerådsval 2023

Faste saker kvart år: årsmelding, rekneskap, møte- og gudstenesteplanar, budsjett, offertildeling, fasteaksjon, 50-årskonfirmantjubileum, søknader om støtte, løyvingar til frivillig arbeid m.m.

50-årskonfirmantane har det praktiske arbeidet med mat og sosial samling. Helgheim sokneråd syter for ei nemnd av konfirmantane, som organiserer jubileet. Soknerådet syter for kyrkjekaffi.

Årsmøte i 2022 var i Helgheim kyrkje 27.mars.
Årsmeldinga vart lagt ut i kyrkja og på kyrkja si heimeside.

ARBEIDET I SOKNET

Etter to år med smittevern og avgrensingar på gudstenester og samlingar, har det meste vore tilbake til det normale i samband med gudstenester i 2022. Det har vore ca to gudsteneste i månaden i Helgheim kyrkj. Det er godt frammøte på gudstenestene i Helgheim kyrkje og elles andre stadar det er heldt gudsteneste i soknet. Julaftangudstenesta 223 frammøtte og 241 frammøtte på konfirmasjonsgudstenesta, lysmessa 182 frammøtte og på Hamnanova 2. pinsedag var det 40 frammøtte. På friluftgudstenesta på den nye speidarplassen var det 50 frammøtte og på adventsgudstenesta i Førsvaer var det som vanleg fullt hus.

Soknerådsmedlemmer stiller som kyrkjevert på gudstenestene. Dei har delt ut salmebøker til dei vaksne og teiknesaker til borna. Etter dei aller fleste har det vore kyrkjekaffi. Konfirmantforeldre og soknerådsmedlemmer har stått for kakebaking og servering.

Klokkarane har ei viktig oppgåve under gudstenesta. Karen Elise Erikstad og Solrunn Dvergsdal har delt denne tenesta mellom seg og Annette Slåtten har også stilt opp. Ei stor takk for denne tenesta!

Ved dåpsgudstenester har fadrane delteke aktivt i gudstenestene, bl.a. med skriftlesing. Jølster har mange gode musikk- og songkrefter, og dei har vore nytta både i gudstenestene og i eigne arrangement (sjå kyrkjemusikalsk arbeid). Konfirmantane er medhjelparar ved gudsteneste i løpet av konfirmanttida. Dei deltar blant anna i evangelieprosesjon og eventuelt ved forbøna og hjelper kyrkjevertane

Av gudstenester med spesielt inviterte, eller med litt annleis preg, kan nemnast:

- Familiegudstenester i samband med trus opplæringstiltak (sjå nedanfor under trus opplæring)
- Gudsteneste i Haugtun i Stardalen i mars
- Gudsteneste med markering av ny kyrkjekunst (8 biletevevar med bibelmotiv frå Jølster design – designa av Elsa Norunn Håheim)
- Gudsteneste etter påske for Skei skule
- Samtalegudstenesta for konfirmantane både i Ålhus sokn og Helgheim sokn er lagt fast til Vassenden kyrkjesenter. Like etter gudstenesta lagar sokneråda, i samarbeid med foreldra til fjorårskonfirmantane og soknepresten, til fest for konfirmantane.
- Fjellgudsteneste på Hamnanova 2. pinsedag
- Friluftsgudsteneste med markering av skaparverkets dag i Kjøsnesheugen i juli
- Olsokgudsteneste i Movika i samarbeid med Førde
- Generasjonsgudsteneste i august
- Gudsteneste med konfirmantpresentasjon og jubileum for 50 års – konfirmantar
- Minnegudsteneste på helgemessesundag med invitasjon til pårørande til dei som har vore gravlagd sidan sist helgemesse. Her var det ikkje så mange frammøtte. Kanskje kan vi for kommande år vurdere å ha ei felles minnegudsteneste for heile Jølster?
- Lysmesse med konfirmantar og speidararar 1. søndag i advent der representant frå Fosterheimstenesta også var invitert for å informere
- Adventsgudsteneste i Førde 2. søndag i advent

Elles kan det nemnast at det har vore opa kyrkje og tidebøn på Vassenden kyrkjesenter kvar tysdag frå slutten av oktober. Tidebøna har vore kl. 11, med ein kort liturgi (gjerne bøner som vert lesne som veksellesing og lesing frå Bibelen) og orgelmusikk. Her har vi m.a. teke for oss Johannesevangeliet og driv no på med å lese Apostelgjerningane. Vi har også hatt kaffi/te med noko attåt, i etterkant av tidebøna, med fast innslag av diktlesing v/ Anne Helene Eide.

Anna arbeid/ andre arrangement i regi av soknet

- Kirkens nødhjelps fasteaksjon i april vart gjennomført som dør til dør aksjon. Kontakt for Kirkens Nødhjelp: Erna Krøke Dvergsdal.
- Andakter/Nattverdsgudstenester på omsorgssenteret på Skei. Frå september vart dette tilbodet auka opp frå ein gong i månaden til annakvar veke. Vikarprest Reidar Knapstad og diakon Ingvar Vagstad har her bidrege i tillegg til soknepresten. Kantor er med kvar gong. Frivillige stiller opp for å hjelpe dei eldre med å komme seg til og frå andakten og for å hjelpe til under andakten.
- Frå påske til pinse var ei påskevandring utstilt ved Helgheim kyrkje med bibeltekster og kunstbilete.
- Sokneråda i Jølster arrangerte kyrkjelydstur til Orheim- tunet i Nordfjord. Dette vart ein svært vellukka tur som mange sette stor pris på.
- Diakon Ingvar Vagstad gjennomførte undervisningsopplegget «Bibelsporet» for 4 klassingar og 5 klassingar ved Skei skule.

- Julevandring for Skei og Stardalen barnehage før jul. Prest besøkte barnehagene i forkant av julevandringa.
- Juletreffest Skei misjonshus 3.juledag
- Det har vore fleire kulturarrangement i samarbeid med Jølster litterære folkeakademi: Kulturkveld med Veitebergsøstrene i Helgheim kyrkje i juni, Litteraturkveld med forfattar Brynjulf Jung Tjønn på Vassenden kyrkjesenter i september, forteljarførestillinga Josef med Helga Samset i Ålhus kyrkje med påfølgande songkveld i prestegarden i oktober.
- Helgheim sokn gjorde i 2020 avtale med Normisjon om misjonsprosjekt i India. Der støttar vi eit prosjekt som heiter «Steinknusernes rettigheter» som handlar om å betre levevilkår for fattige arbeidarar i Steinindustrien og demme opp for dei negative ringverknadane som steinindustrien har på naturen. Prosjektet har no skifta namn til «Fred og forsoning i India» Vi har hatt to ofringar til dette prosjektet. Avtalen går ut ved utgangen av 2023, då vil soknerådet gjere nytt vedtak om misjonsavtale.
- Helgheim sokn er Grøn kyrkjelyd. Som kyrkje er vi kalla til å vere gode forvaltarar av skaparverket, noko som i vår kyrkjelyd m.a. kjem til uttrykk ved at vi:
Vi markerer Skaparverkets dag og andre gudstenester i undring og takksemd over skaparverket.
Vi sorterer avfall.
Vi brukar mindre mengde papir ved gjenbruk av programhefte.
Vi deltek i fasteaksjonen til KN.
Vi har eit grønt misjonsprosjekt.
Vi går på pilgrimsvandring med konfirmantar og engasjement for skaparverket som eit tema på Lys Vaken.
- Helgheim sokn har vennskapskyrkjelyd i Krizlice i Tsjekkia

Arrangement i regi av andre

Konsert Kvinnekoret Kvitre

Konsert Julesong m/Inge Ronny Kvåle

TRUSOPPLÆRING/ BARNE- OG UNGDOMSARBEID

Kontinuerleg arbeid

Helgheim sokn har

- Torsdagsklubb på misjonshuset Skei annan kvar torsdag frå kl. 17.30-18.45. Vidar og Astrid Feldt er leiarar, men i haust har også Gerd Sunde Førde vore med som leiar. På torsdagsklubben blir borna kjent med ei bibelforteljing og vi syng mykje. Vi har også ein formingsaktivitet og tid til litt lek. Konfirmantar gjer ein god jobb når dei hjelper til. Torsdagsklubben hadde 6 samlingar i vårhalvåret og 9 i hausthalvåret. Det har vore over 60 barn innom på desse samlingane, samt ein god del vaksne.
- Speidargruppe på Skei (Jølster KFUK-KFUM-speidarar). Gruppeleiar er Åse Britt Eide Øygard og nestleiar er Nils-Einar Kjøsnes. Andre leiarar er Svein Årdalsbakke, Mona Skaiå Årdalsbakke, Dagrun Thingnes, Kari Skrede og Karl Martin Loe Reed. I tillegg er 2 andre vaksne med som hjelpeleiarar av og til. Foreldre og roverar er også med å hjelper til på nokre møte. Speidargruppa på Skei har no ca. 90 medlemmer, ca.60 born i alderen 10-16 år, roverar 16-20 år ca. 20 stk. + 11 vaksne medlemmer.

Speidargruppa har hatt eit aktivt år. Den nye speidarlassen på Skei vart klar til bruk hausten 2022 og denne kjem til å bli brukt mykje som base for gruppa sine uteaktivitetar. Opninga vart markert med hausttakkegudsteneste og opningsfest i september. Misjonshuset vart brukt til møte innandørs, og til lagerplass for utstyret til gruppa. Onsdag er fast møtedag, men er også på overnattingsturar og andre turar i løpet av året.

- I august var det starta opp barnegospel på Skei. Gerd Sunde Førde leier koret og Rune spelar til. I oktober var dei med på Kristine Sandøy- konsert i Førde- huset i lag med barnekor frå Vassenden, Naustdal og Førde. I desember hadde dei ein flott konsert i Ålhus kyrkja i lag med barnegospel på Vassenden. Det er 5-10 barn som har vore på øvingane på Skei. Vi håpar at enda fleire vil ta del i dette gode tilbudet etter kvart.
- Det kontinuerlege barne- og ungdomsarbeidet er svært viktig for kyrkjelyden og for nærmiljøet. Leiarane legg ned ein formidabel innsats og mange av dei har stått i dette arbeidet gjennom lang tid. Både speidargruppa og torsdagsklubb/ søndagsskule kunne gjerne hatt fleire leiarar. Om du sjølv kunne tenkje deg dette eller kjenner andre som kunne vore utfordra, må du gjerne ta kontakt.

Tidsavgrensa tiltak

Takka vere eit aktivt trusopplæringsutval har vi dette året fått gjennomført alt av planlagte tiltak i trusopplæringsplanen. Alle born i alderen 0-11 år har fått ein invitasjon til minst eitt trusopplæringstilbod dette året.

Soknepresten har gjennomført dåpssamtalar med alle dåpsforeldre. Alle døypte får dåpslys, dåpsplakat og dåpsforeldra får ei dåpsbok for foreldre som heiter Arvegull. I kyrkja har vi fått eit dåpstre, der vi heng opp ei lita tredue for kvart barn som blir døypt. Dette er ei påminning til kyrkjelyden om å be for barna, og dua vil seinare bli gitt tilbake til barnet.

Det var invitert til babysong på Vassenden kyrkjesenter både på våren og hausten. Oppmøte har vore varierende (ca. 5 foreldre med born i snitt), men det er alltid nokon som kjem. Soknepresten leiar samlingane. Erlend Os har spelt til ein del av samlingane. Solveig Magnhild Lesto har stått for kaffi og mat ved babysong heile året. Ein stor takk til ho som har gjort dette i fleire år.

I starten av november inviterte vi alle 2 og 3 åringar i Jølster til Trygg til natta-gudsteneste på Vassenden kyrkjesenter med drama om Berta og Bestemor og kveldssongar og bønner. 2- åringane fekk utdelt dåpsduene sine i lag med ein bønneplakat med «Eg faldar mine hender små. 3- åringane fekk ein spelleengel med kveldsbønner på. Etter samlinga i kyrkjerommet var det kveldsmat og lek.

Samlingane for fireåringane i Jølster med utdeling av 4-årsbok hadde Helgheim og Ålhus kvar for seg. I Helgheim var laurdagssamling på Skei misjonshus og gudsteneste med bokutdeling på søndagen.

Alle 5-åringane i Jølster vart invitert til hausttakkefest på den nye speidarlassen på Skei der dei fekk utdelt matboksar med «O du som metter liten fugl» og plakat med ulike bordbønner. Etter gudstenesta var det utlodding til inntekt for speidarane sin innsamling til Ukraina, høve til grilling og natursti.

Gudstenestene med bokutdeling til 6 åringane hadde Helgheim og Ålhus kvar for seg. I Helgheim sokn hadde 6- åringane ei samling i forkant på Skei misjonshus etter skuletid. Søndagen etter var det familiegudsteneste med bokutdeling i Helgheim kyrkje.

6- og 7-åringane fekk innbyding til juletreffest på Skei misjonshus

Påskesamlingar for 8-åringar: Barna vart invitert til to samling etter skuletid på Skei misjonshus og deretter palmesøndagsgudsteneste i Helgheim kyrkje med utdeling av Barnesalmeboka.

Tårnagenthelga for alle 9-åringar i Jølster er stasjonert i Helgheim kyrkje. Tårnet, kyrkjeklokkene og kyrkja sin bursdag er sentralt i opplegget som går over to dagar, laurdag og søndag. Dette vart heldigvis gjennomført i år etter at det har vore avlyst 2 år pga. korona.

Kode B: 10-åringane vart invitert til to kvardagssamlingar på Skei misjonshus, og utdeling av «Det nye testamentet. Friluftsutgåve» i familiegudsteneste i Helgheim kyrkje.

Lys Vaken: 10- og 11- åringar frå heile Jølster vart invitert til Lys Vaken leir (frå laurdag kl 16 – til etter gudsteneste søndag) på Vassenden kyrkjesenter midt i november i samarbeid med speidargruppa. Dette vart eit populært tilbod med meir enn 40 påmeldte.

Speidarleiarar og trus opplæringsutval bidrog som leiarar i lag med nokre russejenter. Foreldre stilte opp som kjøkenhjelp og nattevakter. Soknepresten hadde hovudansvar. Barna bidrog i gudstenesta og hadde utlodning med gjenbruksgevinstar på kyrkjekaffien etter gudstenesta.

Oppslutning om konfirmasjon er framleis høg. Soknepresten har hovudansvar for konfirmantane. Konfirmantopplegget for kullet som skulle konfirmerast i 2022 vart heldigvis gjennomført utan at korona gjorde at vi måtte endre eller avlyse noko særleg. Det var klubbkveldar, konfirmantleir på Alværa, fasteaksjon, samtalegudsteneste og konfirmantfest og konfirmasjonar i begge kyrkjene.

I august (som i dei tre tidlegare åra), veka før skulestart, vart det arrangert introkurs for nye konfirmantar. På dette kurset hadde Silje med seg nyttilsettprest i Sunnfjord, Fredrik Bråttvik. Konfirmantane frå Helgheim og Ålhus var samla på dagtid gjennom fire dagar. Dei var to dagar Vassenden kyrkjesenter, ein dag i Helgheim kyrkje og ein dag var dei på pilegrimsvandring frå Årdalen til Ålhus kyrkje. Den eine dagen då dei var på Vassenden, fekk dei prøve kajakkar som var leid frå campingen. I løpet av hausten var konfirmantane inviterte til tre klubbkveldar på Vassenden kyrkjesenter. Russejenter har vore med som leiar i lag med Silje og foreldre har bidrege på kjøkkenet. Det har vore leigd sal i hallen på Vassenden, slik at konfirmantane har vore der på starten ved nokre av kveldane.. Så har dei etterpå gått bort til kyrkjesenteret for måltid, før ein har avslutta med samling i kyrkjerommet.. I tillegg til klubbkveldane var konfirmantane i oktober på konfirmantfestival på Sande. Denne festivalen er i regi av prostiet/KFUK-KFUM og er ny av året. Den har tatt over for det som før var nattcup. Her møtte dei eit ungdomsteam frå bispedømmet («samanteamet») i lag med «farmen presten» Thor Haavik, og dei kunne delta i mange ulike aktivitetar og var med på globallop. Alle konfirmantane var også samla til lysmesse 1. søndag i advent i lag. Elles har konfirmantane vore medhjelparar ved gudstenester og ved barnekor på Vassenden kyrkjesenter, torsdagsklubb og på Skei misjonshus. No denne våren 2022 ventar m. a. fasteaksjon, klubbkveld i Naustdal og konfirmantleir på Alværa i lag med Naustdal konfirmantane.

Trus opplæringsutvalet, trusopplærar, soknerådsmedlemmer, prestar, kantor, føresette, besteforeldre og frivillige har teke del i trusopplæringsarbeidet og konfirmantarbeidet. Sidan det har vore sjukemelding i trusopplæringsstillinga som vanlegvis er på 40%, gjekk Karen Elise Erikstad inn som trusopplærar på timebasis våren 2022 og hadde då

hovudansvar for trus opplæringstiltaka i samarbeid med soknepresten og frå hausten fekk vi inn Gerd Sunde Førde inn som fast vikar i 20%. Ein stor takk til alle som har bidratt, og spesielt til medlemmene i trusopplæringutvalet som har gjort ein stor innsats med å gjennomføre ulike tiltak.

I tillegg til desse tiltaka vedtok også sokneråda i Jølster å invitere alle barn i Jølster til førestilling med kyrkjerottene på Vassenden kyrkjesenter i mars. Det var 120 frammøtte på dette arrangementet, mest barn mellom 3 og 6 år som hadde fått utdelt invitasjon.

Representantar i trusopplæringsutvalet frå Helgheim sokn er Inger Birgitte Kjøsnes, Karen Elise Erikstad, Silje Sørebo, Rune Molvik og Gerd Sunde Førde

Skei Misjonshus

Misjonshuset er viktig for det frivillige arbeidet i soknet og er i praksis Helgheim sokn sitt kyrkjelydshus. Soknerådet vel to medlemmer til styret, med to vararepresentantar. I 2022 var dette Vidar Feldt, med vara Inger Veiteberg og Gerd Sunde Førde med vara Kari Skrede.

Kyrkjemusikalsk arbeid

Til konfirmasjonane – no tilbake i mai månad, var det songinnslag ved Cathrin Hjelle Søvdde, frå Førde, i tillegg var Anne Turid Taklo med å sette høgtid med kornett til salmane.

I ferietida med bryllaup er det som regel innslag frå solistar. Slik også i år. I to av bryllaupa i Helgheim var det song av Sevrine Søgnesand saman med Mildrid Taklo på cello.

I høve «Jazz på Jølst» i oktober, var vi tilbake med gudsteneste i Vassenden.

Her vart jasspreget uttrykt gjennom spirituals og gospelsongar. Bjarne Bergheim, frå Breim/Førde var med som solist.

I tillegg ei korgruppe som fungerte som forsongarar og med eige innslag framført i gudstenesta.

I desember var det også fleire konsertar i kyrkjene, med tilreisande og lokale aktørar – fleire av dei har gjort det til tradisjon å ha konsert i Jølster i adventstida.

I Ålhus kyrkje var det invitert til julekonsert med Jølster barnegospel. Her fekk foreldre, søsken og andre glede seg over frisk barnesong, leia av Gerd Sunde Førde og Rune Molvik.

I Helgheim var det i år endeleg tilbake med den tradisjonelle julekonserten, der Jølster Musikklag, Skei/Vasskoret, innslag frå kulturskulen med pianospel av Tormod Slåtten.

Samspel med blokkfløyte og orgel med Rakel Myklebust som trakterte blokkfløyte – og Buldre mannskor frå Førde.

Anne Turid Taklo, Are Mangersnes og Ingunn Støfring, hevar det musikalske uttrykket med samspel med organisten ved konfirmasjon- påske, juledag andre gudstenester.

Vassenden skulemusikk glede oss med juletonar på julaftan i Vassenden kyrkjesenter, Isak Nordgulen med song og piano.

Søstrene Jamaris Huus med songinnslag i Helgheim kyrkje – også det på julaftan.

Juledag i Helgheim var prega av ekstra song og musikk. Her deltok Hans Holgersson på cello. Vidare hadde Skei/Vasskoret songinnslag, Anne Turid Taklo, Are Mangersnes og Ingunn Støfring i samspel med organist frå galleriet.

Informasjonsarbeid

Firda tek inn gudtenesteliste i papiravisa kvar laurdag mot ein symbolsk sum, men her får vi berre inn gudstenestestad og tidspunkt og ikkje noko meir om kva gudstenesta inneheld og heller ikkje anna aktivitet i kyrkjene.

Dette gjer at vi må bruke andre kanalar for å nå ut til folk med kva som skjer i kyrkjene, enda meir aktivt.

Hyrdringrøysta vil framleis vere ein viktig kanal, i lag med plakatar, nettside og facebookside. Sekretær Toril /eller webansvarleg for Sunnfjordkyrkja Joy Taylor sørgjer for at nettsida (kyrkja.no/jolster er oppdatert. Sekretær Toril og prest Silje oppdaterer Facebooksida (kyrkjene i jolster) og legg inn kommande arrangement, samt lagar og heng opp plakatar på oppslagstavler.

Men det er også viktig at soknerådsmedlemmer og andre i kyrkjelydane er med å gjere arrangementa kjent og dele på facebook og andre aktuelle informasjonskanalar

Hyrdringrøysta

Redaksjon: Hallstein Dvergsdal, Hildegunn Huus og Bjørg Dvergsdal.

Soknerådet vil takke alle tre for godt utført arbeid. De gjer ein kjempejobb med å tenkja ut stoff, få villige personar til både å skrive og delta med ulike innslag. Bjørg Dvergsdal takka av i redaksjonen ved årsskifte. Ein ekstra takk til henne for alt arbeidet ho har lagt ned. Ny i redaksjonen er Ingrid Søyland.

Vi ynskjer henne velkomen, og er glad for at ho sa ja til vervet.

Sunnfjord kyrkjelege fellesråd har teke over rekneskapen til Hyrdringrøysta.

Økonomien i bladet er bra. Framleis er det få i høve til kor mange som får bladet, som betalar frivillig kontingent. Det har vore til god hjelp at mange har vore villige til å køyre rundt i grendene og leggja bladet i postkassane. Har på den måten spart utgifter til porto. Dette tiltaket er med å sikre økonomien til bladet.

Tusen takk til dykk for denne viktige dugnaden.

Statistikk

Helgheim sokn	2022	2021	2020	2019	2018
Innmelde i kyrkja	0	1	0	1	0
Utmelde av kyrkja	0	1	2	0	0
Døypte	13	12	11	18	20
Døypte heimehøyrande i soknet	10	8	6	12	18
Vigde	5	3	1	1	2
Gravlagde	9	22	17	17	14
Konfirmerte	9	7	15	16	11
Tal gudstenester søn- og helgedagar	29	24	25	35	37
Deltakarar på gudstenester	2098	1290	1410	3300	3347
Gudstenester med nattverd	13	7	8	14	15
Nattverdsgjester	330	142	205	290	311
Familiegudstenester	5	5	4	7	7
Deltakarar	542	262	305	524	603
Julevandring for barnehagane	1	0	1	1	1
Deltakarar	50	0	50		
Skulegudsteneste	1	0	1	1	1
Deltakarar	200	0	80	150	180
Musikk gudstenester	1	2	1	2	1
Deltakarar	270	120	50	500	300
Soknebod	0	0	2	4	0
Offer / kollekt i kyrkja	74754	64539	66140	104251	100825

Skulegudstenesta er planlagt til Påskehøgtida

Bygg og Anlegg

Driftsleiar Helge Årdal har hovudansvar for slått og stell av kyrkjegardane og med seg har han hatt dyktige sommarhjelparar.

Kyrkjegarden er godt vedlikehalden. Takk til alle som steller gravene. Det vert lagt merke til og vi får mange gode tilbakemeldingar på at kyrkjegarden er velstelt.

Rekneskap Helgheim sokn 2022

Rekneskapen er gjort opp med eit mindreforbruk/overskot på kr 19.843,95.

Nedanfor er det oppstillingar som viser driftsrekneskap, balanse og oversikt over soknet sine fond.

Det som er felles for Helgheim og Ålhus sokn, dvs. nokre tilstellingar, konfirmantarbeid, trusoplæring og kyrkjelydsblad er som tidlegare ført i rekneskapen til Ålhus sokn.

Konfirmantarbeidet hadde eit overskot på 41.734 pga. at inntektene (deltakarbetaling og tilskot frå fellesrådet) kom inn hausten 2022, medan ein del av utgiftene kjem våren 2023. Overskotet er sett av til eige fond.

Trusoplæringa hadde eit underskot på 65.718 fordi ein har kjøpt inn ekstra litteratur m.m. i 2022 for å bruka opp overskot frå 2021. Underskotet er avrekna mot fond.

Kyrkjelydsbladet hadde eit underskot på 18.637 fordi ein ligg på etterskot med fakturering av annonsar, og det har difor ikkje kome inn annonseinntekter i 2022; underskotet er dekt av fond.

I samsvar med vedtak i fellesrådet, er blomefondet overført frå soknet til fellesrådet, der det er øyremerkt Helgheim. Gåver til blomefondet kjem inn på soknet sin bankkonto og vert ført vidare til fellesrådet.

Driftsrekneskap:

Helgheim sokn 2022

Økonomiske oversikter

Regnskapsskjema - Driftsregnskapet	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr. budsjett	Regnskap i fjor
Inntekter				
1 Brukerbetaling, salg, avgifter og leieinntekter	11 201,02	-	-	-
2 Salg av driftsmidler/fast eiendom	-	-	-	-
3 Refusjoner/overføringer	6 296,68	-	-	6 440,00
4 Kalk. inntekt ved komm. t.jytingsavtale	-	-	-	-
5 Statlige tilskudd	-	-	-	-
6 Tilskudd fra rettssubjektet Den norske kirke	-	-	-	20 000,00
7 Rammeoverføring/tilskudd fra egen kommune	-	-	-	-
8 Tilskudd fra soknets organer	12 000,00	8 000,00	8 000,00	77 648,92
9 Andre tilskudd, gaver, innsamlede midler	108 509,14	65 000,00	65 000,00	82 340,05
10 Sum driftsinntekter	138 006,84	73 000,00	73 000,00	186 428,97
Utgifter				
11 Lønn og sosiale utgifter	-	-	-	-
12 Kjøp av varer og tjenester	35 172,50	59 000,00	59 000,00	27 978,01
13 Refusjoner/overføringer	112 378,92	7 000,00	7 000,00	2 363,35
14 Kalk. utg. ved komm. t.jytingsavtale	-	-	-	-
15 Tilskudd og gaver	73 241,89	45 000,00	45 000,00	32 841,90
16 Sum driftsutgifter:	220 793,31	111 000,00	111 000,00	63 183,26
17 Brutto driftsresultat:	- 82 786,47	- 38 000,00	- 38 000,00	123 245,71
18 Renteinntekter og utbytte	16 205,00	5 000,00	5 000,00	4 205,00
19 Mottatte avdrag på utlån	-	-	-	-
20 Renteutgifter og låneomkostn.	-	-	-	-
21 Avdrag på lån	-	-	-	-
22 Utlån, kjøp av aksje, andeler o.l.	-	-	-	-
23 Netto finansinntekter/-utgifter	16 205,00	5 000,00	5 000,00	4 205,00
24 Avskrivninger	-	-	-	-
25 Motpost avskrivninger	-	-	-	-
26 Netto driftsresultat	- 66 581,47	- 33 000,00	- 33 000,00	127 450,71
Interne finansieringstransaksjoner:				
27 Bruk av udisponert fra tidl. år (mindreforbruk)	12 642,79	12 643,00	12 643,00	17 748,15
28 Bruk av disposisjonsfond	-	-	-	-
29 Bruk av bundne fond	112 378,92	41 000,00	41 000,00	7 418,00
30 Sum bruk av avsetninger	125 021,71	53 643,00	53 643,00	25 166,15
31 Avsatt til dekning fra tidligere år (underskudd)	-	-	-	-
32 Avsatt til disposisjonsfond	12 642,79	12 643,00	12 643,00	17 748,15
33 Avsatt til bundne fond	25 953,50	-	-	122 225,92
34 Overført til investeringsregnskapet	-	-	-	-
35 Sum avsetninger	38 596,29	12 643,00	12 643,00	139 974,07
36 MINDREFORBRUK	19 843,95	8 000,00	8 000,00	12 642,79
36 MERFORBRUK	-	-	-	-

Førde, 02.02.23

Tone Myklebust

T. Myklebust

Terje Guddal



Balanse:



BALANSE

8 Helgheim sokn - 2022

02.02.2023

	Regnskap 2022	Regnskap 2021
EIENDELER:		
A - Anleggsmidler		
Faste eiendommer og anlegg	0,00	0,00
Utstyr, maskiner og transportmidler	0,00	0,00
Utlån	0,00	0,00
Aksjer og andeler	0,00	0,00
B - Omløpsmidler		
Kortsiktige fordringer	15.421,18	1.034,00
Aksjer og andeler	0,00	0,00
Sertifikater	0,00	0,00
Obligasjoner	0,00	0,00
Kasse, bankinnskudd	1.848.680,42	1.857.580,94
C - SUM EIENDELER:	1.864.101,60	1.858.614,94
EGENKAPITAL OG GJELD:		
D - Egenkapital		
Disposisjonsfond	288.838,10	276.195,31
Bundne driftsfond	1.514.574,55	1.600.989,97
Ubundne investeringsfond	0,00	0,00
Bundne investeringsfond	0,00	0,00
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK (investering)	0,00	0,00
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK (drift)	0,00	0,00
Regnskapsmessig mindreforbruk	19.843,95	12.642,79
Regnskapsmessig merforbruk	0,00	0,00
Udisponert i investeringsregnskapet	0,00	0,00
Udekket i investeringsregnskapet	0,00	0,00
Kapitalkonto	0,00	0,00
Gjeld		
E - Langsiktig gjeld		
Ihendehaverobligasjonslån	0,00	0,00
Sertifikatlån	0,00	0,00
Andre lån	0,00	0,00
F - Kortsiktig gjeld		
Kassekredittlån	0,00	0,00
Annere kortsiktig gjeld	40.845,00	-31.223,13
G - SUM EGENKAPITAL OG GJELD:	1.864.101,60	1.858.614,94
Memoriakonti		
Ubrukte lånemidler	0,00	0,00
Andre memoriakonti	0,00	0,00
Motkonto for memoriakontiene	0,00	0,00

Førde, 02.02.23
Tone Myklebust

T. Myklebust

Terje Guddal

Helgheim sokn sine fond:

8 Helgheim sokn (2022) - År/Periode 2022/1 - 2022/12

	IB	Bevegelse	UB
Konto: 551080700 Bundne driftsfond			
Spes: 7042 Fond messehake	-15.579,10	0,00	-15.579,10
Spes: 7043 Fond, Helgheim blomfond	-82.440,42	82.440,42	0,00
Spes: 7044 Aktivitetsfond Helgheim sok	-41.000,00	20.000,00	-21.000,00
Spes: 7045 Fond barn og ungdom	-48.648,92	0,00	-48.648,92
Spes: 7046 Anne Marie Sunde minnefond	-1.413.331,53	-16.015,00	-1.429.346,53
Sum	-1.600.999,97	86.425,42	-1.514.574,55
Konto: 556080700 Disposisjonsfond			
Spes: 7500 Disp. fond Helgheim sokn	-276.195,31	-12.642,79	-288.838,10
Sum	-276.195,31	-12.642,79	-288.838,10
TOTALT	-1.877.195,28	73.782,63	-1.803.412,65

Tilsette

Inger Hageberg Øvrebø	Kyrkjevevje til 31.05.2022
Sissel Vartdal	Kyrkjevevje frå 01.06.2022
Helge Årdal	Driftsjef/kyrkjetenar
Rune Molvik	Kantor
Ute Lindner	Trusopplæringsleiar (sjukemeldt)
Janne Molvik	Kyrkjetenar
Hildegunn Huus	Vikar kyrkjetenar
Solrunn Dvergsdal	Klokkar
Karen Elise Erikstad	Klokkar
Karen Elise Erikstad	Innleigd i trusopplæringa på timebasis våren 2022
Gerd Sunde Førde	Vikar som trusopplærar i 20% frå august 2022
Helge Torpe	Vikar driftsjef/kyrkjetenar
Toril Øye	Sekretær

Sluttord

Gudstenestene er det sentrale arbeidet i kyrkjelyden. Kyrkjeaktiviteten er oppe igjen og vi kan vi sjå tilbake på mange samlingar og gode treff i kyrkja dette året.

Vi set pris på frammøtet i kyrkja, både dei som kjem ofte til gudsteneste og dei som kjem sjeldnare.

Vi er glade og takksame for at vi også dette året har fått til mykje i og omkring kyrkja vår. Det var spesielt å få opp den nye kunsten på veggane. Åtte bilete, vevne av Jølster Design prydar no kyrkja vår. Dette markerte vi med kulturkveld og besøk av Veitebergsøstrene. Takk til vår gode prest Silje, som har vore aktiv med å få til desse samlingane.

I skrivande stund er Jølster Design ferdig med å veve grønt antependie og frontaler. Vi gleder oss til å sjå også dette kunstverket på plass i kyrkja vår.

Tek med nokre utfordringar biskopen gav oss som er aktuelle utfordringar kvart år.

- Gå til gudsteneste regelmessig, fordi det er der de høyrer til, fordi de treng å høyra evangeliet sagt til dykk, og for å gje Gud ære!
- Styrk og hald oppe det trusopplæringsarbeidet de no har.
- Forkynn fram gjevargleda!

Helgheim sokneråd vil rette ei stor takk alle som har arbeidd i soknet dette året, både dei tilsette og dei som legg ned eit stort frivillig arbeid.

Vi opplever at kyrkja betyr mykje for mange.

Takk for all omsut og forbøn for kyrkja og kyrkjeleg arbeid i Helgheim sokn.

*For Helgheim sokneråd –
Astrid Aardalsbakke Feldt*



Bilete med motiv frå Bibelen
Gåve frå Ivar Helgheim
Design Elsa Norunn Håheim Nydal
Produksjon Jølster Design AS

